




Naturvernforbundet
Hardanger

Til
Ullensvang kommune

Frå
Naturvernforbundet Hardanger

Revisjon av konsesjonsvilkår for Tyssovassdraget

Naturvernforbundet i Hardanger ynskjer å kome med innspel til Ullensvang kommune og NVE i samband med revisjonen av konsesjonsvilkåra for Tyssovassdraget.



Fjellområdet på Vestvidda som Tyssovassdraget er ein del av, er sterkt prega av inngrep. Uansett kor du går og vender deg treff du på demningar, kanalar, lukehus, luftspenn og betongkonstruksjonar. Alt er relatert til vasskraftutbygginga og har generert enorme verdier til Statkraft og samfunnet generelt. Området grensar også til Hardangervidda nasjonalpark i tillegg lever Noregs største villreinstamme i området.

Det er eit nesten mytisk område frå den første industrialiseringa i

Hardanger med namn som refererer til både folketru og den viktige jakt etter reinsdyr. Smak på namna: Preikestolen, Trolltunga, Tyssepranget, Tyssebotn, Reinskori, Veidedalen, Reinakollen og mange fleire.



I dette området var det store konflikter mellom DNT/friluftslivet og kraft- og industrikapitalen. Den norske turistforeninga kjøpte Tyssestrengene i 1898 med tanke på vern og som eit spektakulært turmål. Fossen var blant Noregs mektigaste med fallhøgda på 312 m og ein total på 648m. i 1920 under mye rabalder avhender DNT «**servituttene for formidable kr 240.000**»

Seinare vart fossen ein del av Tysso 2 som kom i produksjon i 1975.

Høgfjellsområdet er særskild populært. Trolltunga er blant dei mest besøkte fjellområde i Noreg og flesteparten av dei besøkande er frå utlandet; imponerende tatt i betraktning at det er ein 5-7 timars tur inn og ut.

Sjeldent frislepp i 2020

Tyssovassdraget er ein del av «det nasjonale villrein område» og villreinstammen er ofte i området. Det er eit brukbart fiske i dei fleste vatn og i ein del av elvane. Området har fleire Jakt- og DNT hytter som er i flittig bruk.



Framtidas utfordringar? Konsesjonen og inngrepa er evigvarande og vart tillate i ei tid, der det var betydeleg mindre fokus på miljø og naturmangfald. På 60 talet var klimautfordringane uinteressante og villreinstamma hadde betre kår. I dag ser me at summen av inngrep og menneskeleg påverknad har stor effekt på villreinstamma. Det er ein tradisjon i norsk kraftpolitikk at utbyggjarar legg til rette for friluftslivet og betre kår for fiske; dette var/er ein type allmenn pengekompensasjon for inngrepa.

I dag er Hardangervidda si villreinstamme i krise. Ved ein større nasjonal kartlegging i 2022 vert det dokumentert at Hardanger stamma er i dårleg/særs dårleg forfatning. Påvisinga av skrantesjuke vil ytterlegare svekke flokken og per i dag er det satt i gang arbeid med ein nasjonal tiltaksplan, som skal betre kår for dyra.

I ein ny vilkårrevisjon vil det vere naturleg å ta inn dette som eit nytt aspekt. Utfordringane for villreinen står i kø og vil krevje nye tiltak i fjellet som på alle måtar vil utfordre vår vante måte å tenkja og bruke fjellet på. Privileger og rettar vert utfordra og skal me ta vare på reinen, må me definitivt endre på dagens forvaltning. Dette er lange og til dels kostbare prosessar.

Tapte jakt- og fiskerettar var tidlegare ein viktig bit i kompensasjonsordninga. Naturvernforbundet vil i dag heller flytte fokuset mot naturmangfald, artsutrydding og naturrestaurering som framtidige utfordringar. Korleis dette vert vektlagt er kanskje enno uvisst, men at det vil presse seg fram og at me må legge til rette for at det kan implementerast, er klart.

Ein vilkårsrevisjon bør diskutera dette. Eit allment fond som bidrar til ein ny og meir heilhetleg forvaltning av fjellnaturen og villreinstammen vil vera eit framtidsretta tiltak. I tillegg vil Naturvernforbundet Hardanger også påpeike dei meir vanlege tema som landskap, minstevassføring og biologisk mangfald bør vurderast.

På vegne av
Naturvernforbundet Hardanger

[Hardanger Arkiver - Hordaland](#)

Klaus Rasmussen